



Byggmester Lars Svendsen As
Kopper 3
5947 Fedje

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/115 - 23/1602

Sakshandsamar:
Merethe Svarstad
merethe.svarstad@fedje.kommune.no

Dato:
29.03.2023

Byggesak GBN 169/33- Behov for tilleggsopplysningar

Eigedom: Gnr: 169 Bnr: 33

Adresse: Kremmerholmen 12, 5947 Fedje

Tiltakshavar: Magnus Bårdsen

Tiltaket: Anneks

Me visar til søknad motteke 07.02.2023 . Tiltaket gjeld anneks til fritidsbustad.

Basert på motteke dokumentasjon er det behov for følgjande tilleggsopplysningar for å behandla søknaden:

Søknaden manglar følgjande opplysningar:

- Det er ikkje opplyst kva bruk 1.plan i annekset skal ha. Det må påførast teikningane kva bruk 1.plan skal ha slik at me får vurdert om annekset er ei eiga bueining.
- Det må visast kor lang avstand det er mellom fritidsbustaden og annekset på situasjonsplanen. Det må óg visast avstand frå anneks og til nabogrensa.
- Vedlegg A-1: Her må det fyllast inn eksisterande BRA og ny BRA for tiltaket.
- Gjennomføringsplanen må oppdatertast med dato for når samsvarerklæring for PRO er motteke.
- Me treng ein oversikt på kven som er nabovarsla om tiltaket (kvittering for nabovarsel). Av dokumentasjonen me har motteke kan me ikkje sjå at Vestland fylkeskommune er nabovarsla.

Me gjer dykk merksam på at Vestland Fylkeskommune er nabo som eigar av veggen, og at dei må nabovarslast. De kan senda nabovarsel pr e-post til post@vlfk.no. Hugs at dispensasjonar som hovudregel må nabovarslast.

Frist for å senda inn supplerande opplysningar i saka vert satt til **30.04.2023**. Etter denne datoen kan saka avgjerast på bakgrunn av allereie innsendt informasjon i saka, og saka vil då verta avvist eller avslått, og gebyrbelagt. Dersom det er behov for forlenga frist ber me om at dette blir informert om før fristen går ut.

Me gjer dykk merksam på at det seinare i sakshandsaminga kan verta behov for å be om ytterlegare tilleggsopplysningar.

Dersom noko er uklart kan de ta kontakt på telefon: 48173241

Med helsing

Merethe Svarstad

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Magnus Bårdsen	Mulevegen 157	5947	Fedje
----------------	---------------	------	-------

Mottakarar:

Byggmester Lars Svendsen As	Kopper 3	5947	Fedje
-----------------------------	----------	------	-------